



*Informasjonshefte for føresette
i Sundre barnehage
2022-23*

Innhald

Velkomen til barnehageåret 2022-2023	1
Veka og dagen i barnehagen	4
Tilvenning	6
Planleggingsdagar	8
Tilsette	9
Parkering	9
Helse og sjukdom hjå barna	10
Vedtekter	10
Bursdagar	11
Min barnehage app	13
Kontaktinfo	14

Velkomen til barnehageåret 2022-2023



I dette heftet finn de informasjon som er nyttig for dykk som føresette i Sundre barnehage.

Sundre barnehage er ein kommunal barnehage med seks avdelingar fordelt på to hus:

Hallingstugu med avdelingane **Stugu, Kleven og Kammerset Låven** med avdelingane **Bråtet, Lue og Skålen**.

Ved oppstart av barnehageåret er det 67 barn (=94 plassar) og 28 tilsette fordelt på avdelingane. Det er ein stor og fin gjeng!

Hallingstugu:

- **Stugu** er avdeling for barn født 2018 (Friskussen) og 2019 (Tusenbeinet).
- **Kleven** er avdeling for barn født 2019 (Tusenbeinet) og 2020 (Hoppetussa)
- **Kammerset** er avdeling for barn født 2020 (Hoppetussa) og 2021 (Mariehøna)

Låven:

- **Bråtet** er avdeling for barn født 2017 (Tannlausen)
- **Lue** er avdeling for barn født 2020 (Hoppetussa)
- **Skålen** er avdeling for barn født 2021 (Mariehøna)

Det kan verte mindre endringar ved avdelingane gjennom året, i hovudsak fordi nye barn byrjar og då kan barn bli flytta ein avdeling opp. Dette skjer i så fall i dialog med føresette.

Veka og dagen i barnehagen

Me har ei ramme for vekestrukturen som er slik:

- ✓ Måndag: avdelingsfokus der ein legg planer for veka saman med barna.
- ✓ Tysdag er vår interne møtedag.
- ✓ Onsdag – fredag er dagar for tema/prosjektarbeid, turdag og matdag.
- ✓ Dette vert konkretisert i årsplan og månadsplan. Innhaldet skal barna ha høve til å vere med å medvirke til.

Opningstid er 07.00-17.00. Vår kjernetid er 9.30-14.30, gi beskjed via app dersom barna kjem seinare/blir henta før. Tidspunkta i dagsplanen under kan variere og er meint som ei generell ramme. Sjå elles månadsplan og informasjon i app.

Dagsrytme	Tidspunkt
Levering	07.00-09.30
Frukost for dei som ynskjer det	07.00-09.00 Kjøkkenet
Leik, tilbod om ulike aktivitetar- inne eller ute	09.30-11.00/30
Dugurd frå eigen matboks	11.00/30 Mjølk, frukt og grønt. Matdag kvar fredag
Kvilestund/soving	Etter alder/behov
Leik, tilbod om ulike aktivitetar- inne eller ute	12.00-14.30
«Tutti-frutti» Frukt og grønt, evt resten av matpakka	14.00/30
Fortsette leiken	14.30- 17.00

Årlege tradisjonar

I løpet av eit barnehageår har me ulike tradisjonar i barnehagen. Under finn du årshjul for dette. Fleire detaljar er å finne på månadsplan og ofte med utfyllande informasjon i app.

Månad	Tradisjon
September	<ul style="list-style-type: none">• Felles fjelltur for Tannlausen, Friskussen og Tusenbeinet(dei over tre år) til Bosset• Sosialt arrangement for heile familien (FAU arrangerer)• Nasjonal brannvernveke
Oktober	<ul style="list-style-type: none">• Foreldre kaffe• Internasjonal veke knytt til FN-dagen 24.oktober• Fotografering i barnehagen
November	<ul style="list-style-type: none">• Julegranhenting/kanefart for Tannlausen• Pepparkakebaking
Desember	<ul style="list-style-type: none">• Julegrantenning• Luciafeiring når 13. fell på ein barnehagedag• Juleverkstad• «Julevandring» i kyrkja/alternativt tilbod for Tannlausen og Friskussen• Nissetog og grautfest

Januar	<ul style="list-style-type: none"> • Me et jula ut 13.dag jul, dvs 6.januar • Foreldre kaffe
Februar	<ul style="list-style-type: none"> • Samefolkets dag 6.februar • Karneval
Mars/april	<ul style="list-style-type: none"> • Den nasjonale barnehagedagen • Påskeverkstad i alderslike grupper • «Påskevandring» i kyrkja/alternativt tilbud for Tannlausen
Mai	<ul style="list-style-type: none"> • Dugnad saman med føresette • Øving til 17.mai • Folkemusikkveka
Juni	<ul style="list-style-type: none"> • Felles fjelltur for Tannlausen, Friskussen og Tusenbeinet(dei over tre år) til Bosset • Sommarfest (FAU og personalet arrangerer) • Avslutting for Tannlausen

Tilvenning

Tilvenning i barnehagen er individuelt og me tilpassar oss barnet og barnets behov. For nye barn vert det avtalt eit første besøk og de får ein kontaktperson som de avtalar vidare tilvenning med. Me ynskjer eit tett samarbeid med føresette under tilvenning og i kvardagen elles.

Me har også fokus på gode overgangar for barna som byter avdeling om hausten eller undervegs i året.

8 tips til tilvenning i barnehagen:

Barna trenger tid

At barnet gråter når du går, er helt normalt, og det går over. Barnet trenger tid på å erfare at når foreldrene går, så kommer de tilbake. Når du står midt oppi det, kan det være vanskelig både for deg og barnet.

Både barnehageansatte og foreldre kan hjelpe barnet på veien mot trygghet, sier Monica Dybing. Hun er spesialpedagog, barnehagelærer og coach. Dybing er også foredragsholder, Marte Meo terapeut og COS-instruktør for blant annet barnehager, skoler og foreldre.

1. Ta barnet sine følelser på alvor

Følelser i seg selv er ikke farlige, men det er farlig å undertrykke følelser. Vis at du forstår barnet og si for eksempel: «Jeg forstår at du er lei deg og skjønner at du aller helst vil være sammen med meg. Jeg ønsker også å være hos deg, men nå må jeg på jobb. Tiril er her og skal passe på deg».

2. Gå når du sier du skal gå

Bli gjerne en stund i barnehagen, men når du først sier du skal gå, må du ikke la barnet dra det ut. Diskuter med barnehagen og bli enige om hvordan de best kan ta imot ditt barn. Gjør det samme hver dag, det skaper forutsigbarhet og trygghet. For all del ikke lur deg bort, det bidrar til utrygghet og kontrollbehov hos barnet.

3. Fortell når du kommer tilbake og hold det du lover

Selv om barnet er lite og ikke har samme forståelse av tid som eldre barn, vil det etter hvert forstå. Ikke si at du kommer snart når du ikke gjør det.

4. La barnet få beholde smokk eller kosebamse ved avskjed

Det er godt for barnet å ha noe trygt å trøste seg med. Bli enig om en gradvis avvenning etter hvert som barnet blir tryggere.

5. Klamrer barnet seg til deg og nekter å slippe,

er det best for barnet at det er du som løsner grepet og overleverer det til et trygt fang. Gi gjerne utrykk for at du forstår at dette er vanskelig. Da bidrar du til at barnet føler seg forstått og det slipper å oppleve at den voksne i barnehagen «røver» fra det tryggheten.

6. Trygg deg selv

Ikke vær redd for å ringe barnehagen for å spørre om hvordan det går.

7. La barnet om mulig ha kortere dager i barnehagen de første ukene

Prioriter god tid sammen med barnet på ettermiddag og kveld.

8. Snakk positivt om alle voksne barnet møter i barnehagen

Gode barnehager har alltid en kontaktperson til barnet. En som fyller barnet ekstra opp i løpet av dagen. Dette er viktig for en trygg og god tilknytning. Kontaktpersonen er dessverre ikke alltid til stede. Ved å snakke positivt om alle, bidrar du til at det blir enklere for barnet å bli trygg på mer enn bare en. Er det noen du opplever at barnet ikke er trygg på, så ta kontakt med barnehagen og fortell hva som er vanskelig og hvordan du ønsker å løse utfordringen.

-Fra Utdanningsnytt.no-

Planleggingsdagar

Sundre barnehage har fem planleggingsdagar fordelt utover barnehageåret. Disse dagane er barnehagen stengt. Dette er fastsette datoar for barnehageåret 2022-2023:

- ✓ Måndag 15.08.22
- ✓ Tysdag 16.08.22
- ✓ Måndag 21.11.22
- ✓ Fredag 19.05.23
- ✓ Onsdag 21.06.23

Tilsette

Personalet i barnehagen består av styrar, assisterande styrar, barnehagelærarar i ulike stillingar og assistentar (barne og ungdomsarbeidarar evt. anna utdanning).

Styrar har det overordna ansvaret for barnehagen; administrativt, pedagogisk og for alle tilsette. Pedagogisk leiar har ansvar for å setje i verk og leie det pedagogiske arbeidet på si avdeling. Alle tilsette har ansvar for utføringa av det pedagogiske arbeidet i kvardagen.

Barnehagen er ein lærande organisasjon der heile personalgruppa skal reflektere rundt faglege og etiske problemstillingar, oppdatere seg og vere tydelege rollemodellar. Dei skal sørge for gode relasjonar mellom barna i gruppene, mellom barna og personalet og mellom personalet og foreldra.

Personalet går til vanleg tidleg-, mellom- og seinvakter. Arbeidstida er 7,5t. Innanfor denne arbeidstida vil det også bli avvikla ulike møter og tid til planlegging for pedagogane internt.

Parkering

Ål kommune er ein trafikkikker kommune. For at trafikkmønsteret skal vera så ryddig og sikkert som mogeleg er det tenkt slik:

- ✓ Føresette brukar den nedre parkeringsplassen ved Hallingstugu. Bruk dei merka plassane og rygg inn når de parkerer.
- ✓ Tilsette brukar parkeringa på andre sida av vegen og parkeringa ovanfor Låven.
- ✓ Når bilane "går på tomgang" på parkeringsplassane våre, kjem eksosen inn gjennom ventilasjonsanlegga. Ver så snill og slå av tenninga.
- ✓ Bruk alltid godkjend og alderstilpassa bilsikring til barna.
- ✓

- ✓ Alle må late att portane med ekstralås. Me har barn som elsker slike utfordringar.
- ✓ Barna skal vente innanfor gjerdet til dei kan gå saman med føresette ut av porten.

Helse og sjukdom hjå barna

Kvar haust får de eit helseskjema de fyller ut, her er det viktig at de gir informasjon om allergiar, kroniske sjukdomar o.l.

Ved naudsynt medisineriing i barnehagen må ein gjere skriftleg avtale på eige skjema.

Barnehagen må få beskjed dersom barnet har ein smittsam sjukdom/helsetilstand.

Barnehagane i Ål følgjer råd frå Folkehelseinstituttet når det gjeld sjukdom og opphald i barnehagen.

Når kan eg gå i barnehagen?

plakat-smittsomme-sykdommer-barnehage-hallingdal.pdf
aal.kommune.no

Dersom eit barn skadar seg i barnehagen og personalet er usikre på om barnet treng behandling av lege eller tannlege, tek me kontakt med legevakta (eller skuletannlegen) for å få råd. Ved mistanke om alvorleg skade ringer personalet 113 for rask rettleiing. Føresette vert alltid informert slik at dei sjølv kan møte opp i samband med evt. behandling.

Vedtekter

Ål kommune har eigne vedtekter for barnehagane. Der finn de diverse praktisk informasjon.

[vedtekter for dei kommunale barnehagane i Ål kommune 2020](http://vedtekter_for_dei_kommunale_barnehagene_i_Ål_kommune_2020)
aal.kommune.no

Bursdagar

Bursdagar er viktige dagar for barna og vert alltid feira i barnehagen.

Bursdagar blir feira med eiga bursdagssamling. Bursdagsbarnet får vere med å bestemme innhaldet i samlinga: velje ut song, rim/regle, leik eller eventyr frå bursdagskista vår. Bursdagsbarnet vel bordpynt, får krone og kort. Barnet vert heidra med eit eige bursdagsflagg.

Når ein inviterer til bursdagsselskap heime, er det viktig å tenkje på inkludering ved å invitere alle barn som naturleg høyrer til i den aktuelle gruppa. Då er ein og ein god rollemodell for barnet sitt og er med på å legge grunnlaget for eit godt barnemiljø.

Utstyr

For at me skal halde orden på barnas klær og utstyr, må alt vere namna. Bruk merkelapp eller tusj/merkepenn.

Skitne klær (også yttertøy og regntøy) må heim til vask.

Ekstra skittent yttertøy heng ofte på knaggane ute når me har gått inn.

Hugseliste:

- ✓ minst eitt skift i barnehagen tilpassa årstida. Klesskift kan ligge i sekken, i garderobehylla eller evt. i eigen skuff på avdelinga. Ekstra vottar vinterstid.
- ✓ regntøy og støvlar bør vere med kvar dag i aktuelle årstider. Barna har knagg og skohylle til dette i vindfanget.
- ✓ gode innesko (me anbefalar sandalar som gir god støtte til små føter).
- ✓ bleier (namn nye bleiepakker). Me ynskjer ikkje «up and go».
- ✓ namna drikkeflaske til bruk inne og ute. Hugs å ta med flaske heim for vask kvar dag.

Sovebarn:

Barn søv enten ute (med tilsyn) i eigen vogn, med fempunktssele og egna tilbehør (hugs namn) eller på madrass/brisk inne. Ta med smokk eller kosedyr om det trengs.

Ski:

Foreldra må sjølv ta vare på barna sine ski ved å ta dei med heim eller sette dei i uteleikeskuret. Barna brukar ikkje skistavar i vanleg uteleik i barnehagen.

Kommunikasjon og informasjon

Me ynskjer eit godt samarbeid med føresette, til det beste for barnet. Snakk med oss om det er noko du lurar på eller har behov for å avklare. Me prøver å gjere det same attende.

- ✓ Det er viktig å nytte tida ved bringing/henting til informasjon mellom føresette og tilsette (beskjedar, info om dagsform, spesielle hendingar, m.m.)
- ✓ Sørg for at dei tilsette på avdelinga veit at barnet dykkar har kome/blir henta for dagen.
- ✓ Dersom barnet blir henta av andre enn føresette må me få beskjed om dette. Dersom me ikkje er informert, ringer me føresette for avklaring.
- ✓ Dersom det er ei vanskeleg levering om morgon prøver me å gi ei attendemelding om korleis det går.
- ✓ I stor grad brukar me no appen til informasjon og kommunikasjon med føresette, men den erstattar ikkje den gode samtala.

Generell informasjon og årsplan finn de på barnehagen si heimeside.

[Sundre barnehage - Ål kommune \(aal.kommune.no\)](http://aal.kommune.no)

Min barnehage app

Visma Min Barnehage-appen er en tjeneste hvor du som foresatt enkelt kan kommunisere med din barnehage, samt enkelt følge med på ditt barns hverdag i barnehagen.



Med Min Barnehage-appen kan du enkelt:

- *Motta og sende meldinger med barnehagen*
- *Registrere hvilke dager ditt barn ikke skal være i barnehagen*
- *Motta dagbok som forteller om barnets små og store opplevelser i barnehagen, i form av tekst og bilder*
- *Gi eller avslå samtykker*

Appen kan lastes ned i App Store (iPhone) eller Google Play (Android). Søk opp "Visma Min Barnehage" i App Store eller Google Play.

Når du laster ned appen, logger du deg på med ID-porten første gang. Barn som er i barnehagen, vil da komme opp automatisk og dialogen med barnehagen kan starte.

Når de har fått installert appen, send ei melding fra appen «Hei, eg har fått lasta ned appen.». Då veit me at de er inne, og me kan bruke meldinger og beskjeder på app i staden for på sms/lappar. Om de trenger hjelp, så er det berre å spørje.

Kontaktinfo

Sundre barnehage 32 08 51 50
Gartnarvegen 1
3570 Ål

sundre.barnehage@aal.kommune.no

Hallingstugu

Stugu 90 84 35 48
Kleven 90 84 71 58
Kammerset 90 86 95 67

Låven

Bråtet 90 87 50 31
Lue 47 75 45 71
Skålen 90 88 22 50

Styrar 32 08 51 55 / 90 03 27 48
Assisterande styrar 32 08 51 56 / 94 02 82 97

Ta kontakt med oss om det er noko du ynskjer å prate om!